



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Anne Kristin Eitungjerde  
Telefon: 57643172  
E-post: [fmsfaka@fylkesmannen.no](mailto:fmsfaka@fylkesmannen.no)

Vår dato  
12.06.2017  
Dykkar dato  
09.05.2017

Vår referanse  
2014/692- 320  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Pb 8112 Dep  
0032 OSLO

## Vidare arbeid med grenseendringar - Sogn og Fjordane

Vi viser til dykkar brev dagsett 09.05.2017 der de ynskjer oversikt over aktuelle grensejusteringar basert på lokale initiativ i fylket. Det skal gå fram korleis kommunane stiller seg til initiativet, og kva som er fylkesmannen si tilråding med omsyn til vidare prosess.

I Sogn og Fjordane er det tre lokale initiativ knytt til grensejusteringar. Dette gjeld kommunane

- Balestrand og Høyanger (Nesse skulekrins)
- Stryn og Hornindal (bygda Maurset/Markane)
- Vågsøy, Selje og Eid (bygda Bryggja)

### Balestrand og Høyanger

Søknaden kom inn 20.05.2016 frå Nesse grendelag. Dei ynskjer at Nesse skulekrins skal bli ein del av Høyanger kommune.

Balestrand kommune behandla saka 16. juni 2016 i kommunestyret si sak 45/16. Det vart fatta slikt vedtak:

Balestrand kommune vil ikkje gå inn for at det vert sett i gang utgreiingar om grensejustering for Nesse krins, jf. krav framsett av Nesse grendelag. Dette vil få negative konsekvensar, i første rekke med bortfall av inntekter, og med det redusere kommunen sin evne til å gje tenester til alle innbyggjarane i kommunen.

Høyanger kommunestyre behandla saka 16.06.2016 i sak 066/16. Det vart fatta slikt vedtak:

Kommunestyret i Høyanger er positiv til innbyggjarane i ytre/vestre del av Balestrand kommune sitt initiativ om grensejustering for å bli ein del av Høyanger kommune.

Å legge til rette for eit auka folketal i kommunen er eit av dei viktigaste satsingsområda til Høyanger kommune, jfr. Samfunnsdelen i kommunedelplan. Kommunestyret ser på den bakgrunn positivt på initiativet til innbyggjarane som vil bli ein del av Høyanger kommune.

På bakgrunn av ovannemnde er Høyanger kommunestyre positiv til at det vert sett i gang utgreiing om ei grensejustering mellom dei to kommunane.

Stortinget vedtok 08.06.2017 at kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal skal slå seg saman til ein ny kommune. Balestrand vil difor bli ein del av ein større kommune innover Sognefjorden.

Nesse krins ligg i ytre del av Balestrand kommune. Det er om lag 17 km frå Nessane til Høyanger sentrum. Innbyggjarane nyttar i varierende grad tilbod og tenester både i Balestrand og Høyanger. Ut frå dette vil fylkesmannen tilrå at ei grensejustering mot Høyanger blir greidd ut.

#### Stryn og Hornindal

Innbyggjarar i Markane har 31.08.2016 søkt om justering av grensa mellom Stryn og Hornindal slik at Markane blir samla som ei bygd i same kommune.

Hornindal kommunestyre gjorde 08.09.2016 i sak 54/16 slikt vedtak:

1. Hornindal kommunestyre er positive til at det vert sett i gang ei utgreiing knytt til justering av noverande kommunegrense i Hornindal. Dette med bakgrunn i søknad om grensejustering mellom Stryn og Hornindal kommunar.
2. Kommunestyret ynskjer primært at det vert utgreidd sak om å flytte grensa vestover slik at Maurset vert samla i Stryn kommune. Grensa vert då vest om eigedomane g.nr 47 br.nr.12, g.nr.213, br.nr 1 og 4 og g.nr. 214 br.nr 5.

Formannskapet i Stryn kommune gjorde 15.09.2016 i sak 147/16 slikt vedtak:

Stryn kommune ser positivt på initiativet som aksjonsgruppa for justering av kommunegrensa mellom Stryn og Hornindal har teke og vil oppmode fylkesmannen/departementet om å føreta ei utgreiing av grensejustering mellom Stryn og Hornindal.

Stortinget vedtok 8. juni 2017 å slå saman kommunane Hornindal og Volda til ein ny kommune. Den nye kommunen skal ligge i Møre og Romsdal fylke. Det betyr at grensa mellom Stryn og den nye kommunen blir ny fylkesgrense. Det er søkt om justering av denne nye fylkesgrensa. Begge kommunane er positivt innstilte til ei utgreiing av saka, men dei er noko usamde om kvar ei grense bør gå.

Fylkesmannen vil tilrå at det blir sett i gong utgreiing av grensejustering.

#### Vågsøy, Selje og Eid

Bryggja utviklingslag søkte 14.02.2017 om grensejustering slik at bygda Bryggja, som ligg i Vågsøy kommune, blir ein del av Eid kommune, eventuelt ein del av den nye kommunen når Eid kommune slår seg saman med Selje kommune.

Rådmannen i Eid kommune kom i brev dagsett 01.03.2017 med slikt uttale til saka:

Fylkesmannen har bedt om Eid kommune sitt syn på spørsmålet om utgreiing av ei grensejustering for bygda Bryggja i Vågsøy kommune. Vi er bedt om å ta stilling til oppstart av utgreiingsspørsmålet og ikkje sjølve framlegget frå Bryggja utviklingslag.

Eid kommune er positive til at det blir starta opp eit utgreiingsarbeid kring grensejustering mellom dei aktuelle kommunane.

Vi ønskjer at det i dette utgreiingsarbeidet blir klargjort kva konsekvensane av ei evt. Grensejustering blir frå både 2019 og 2020. I 2019 vil det evt. bli ei innlemming i Eid kommune, men i 2020 vil det bli innlemming i ein ny kommune av Eid og Selje.

Formannskapet i Selje kommune gjorde 16.03.2017 i sak 021/17 slikt vedtak:

Formannskapet i Selje er positive til gjennomføring av ei utgreiing av grensejustering for Bryggja.

Eit evt. samanslåingstidspunkt må vere 01.01.20.

Vågsøy kommunestyre gjorde 23.03.2017 i sak 018/17 slikt vedtak:

Vågsøy kommunestyre finn ikkje at det er grunnlag for krav om grensejustering for grunnkretsane på Bryggja etter gjeldande regelverk, og ber Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avvise å ta saka opp til handsaming.

Formannskapet ønsker at Bryggja krets fortsetter som en del av Vågsøy kommune.

Stortinget gjorde 8. juni 2017 vedtak om å slå saman kommunane Selje og Eid til ein ny kommune, og kommunane Vågsøy og Flora til ein ny kommune. Begge dei nye kommunane består av to delar som ikkje heng saman med felles grense. For Selje og Eid sin del ligg bygda Bryggja geografisk imellom dei to delane. Bryggja blir liggande i utkanten av den nye kommunen Vågsøy/Flora (Kinn), men grenser altså til både Selje og Eid.

Kommunane Eid og Selje er positive til utgreiing, medan Vågsøy kommune meiner det ikkje er grunnlag for grensejustering. Fylkesmannen vil tilrå at grensejusteringa blir greidd ut, spesielt med tanke på om det er mogleg å skape ein geografisk samanhengande kommune for Selje og Eid.

Fylkesmannen vil presisere at vi ikkje har teke stilling til om grensejusteringar i dei tre områda skal gjennomførast, vi har kun rådd til at departementet bestemmer at spørsmåla blir utgreidde. Vi har heller ikkje teke stilling til korleis eller av kven eventuelle utgreiingar skal gjerast.

Dokumenta for Balestrand/Høyanger og Selje/Eid ligg vedlagt. Dokumenta for Vågsøy/Selje/Eid vart oversend 20.04.2017, saman med tilrådinga for Flora, Bremanger og Vågsøy.

Ta kontakt om der er spørsmål.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

Anne Kristin Eitungjerde  
juridisk sjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Elektronisk kopi utan vedlegg til:

Balestrand kommune  
Høyanger kommune  
Stryn kommune  
Hornindal kommune  
Volda kommune

Selje kommune  
Vågsøy kommune  
Eid kommune

Kopi pr. e-post:  
[ssoliba@online.no](mailto:ssoliba@online.no)  
[norodd@tretema.no](mailto:norodd@tretema.no)

Kopi utan vedlegg:  
Andreas Solvik, 6763 Hornindal